



GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 1

Mars 2025

76. årgang



Min salme.....	2
Andakt.....	3
Velkommen til ny prost .....	4
Nytt frå Gol og Herad .....	5

Tuv Kvinneforening 100 år .....	6
Fasteaksjonen.....	8
Konfirmasjonar.....	10
Gudstenestelista / livets gang .....	11

# Min Salme

## PETRUS STRIKWERDA

Jeg kom til Hemsedal for første gang i 2013, og skulle egentlig bare være her i 4 måneder.

I løpet av tida jeg var her traff jeg ei jente fra Toten, som også var glad i natur og fjell, og i dag er vi bosatt på Svø med våre 3 barn.

Jeg har vokst opp i en kristen familie nord i Nederland, sammen med mor, far og 4 søsker.

Som nummer to i flokken har jeg alltid trivdes i en stor familie. Jeg har hatt en trygg og god oppvekst. Vi gikk alltid i kirken på søndagsmorgen, men jeg tenkte

aldri så mye over hva jeg trodde på. Dette endret seg da jeg kom til Hemsedal og fikk møte andre unge mennesker som trodde på Gud.

Jeg har valgt «Deg være ære» som min salme fordi dette er en salme som har vært med meg helt siden barndommen. Bestefar på mor sin side siterte ofte deler eller hele teksten. Den ble sunget i hans begravelse, og den vil alltid minne meg om han. Da jeg var yngre tenkte jeg ikke så mye over teksten eller hva denne betyddet for meg, men i den senere tid og gjennom input fra andre har jeg på nytt fått øynene opp for teksten.

Når jeg er i tvil eller ikke vet hvor veien går, kan jeg alltid legge mine bekymringer hos han.

## GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg  
**Eks. tid mån– fre 9.00–15.00**

Tlf: 32 02 90 00  
kyrkja@gol.kommune.no  
www.gol.kyrkjja.no

**Kyrkjeverje:**  
**Kjellfred Dekko**

Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198  
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

**Sokneprest:**  
**Arnstein Bleiktvedt**

Mobil: 958 28 706 – Fri måndagar  
arnstein.bleiktvedt@gol.kommune.no

**Diakon:**

**Martha Frøyland Bleiktvedt**

Mobil: 476 27 663  
martha.froyland@gol.kommune.no

**Diakonimedarbeider:**

**Sissel Rudningen** Mobil: 419 35 246  
sissel.rudningen@gol.kommune.no

**Organist:**

**Justin Vickery**

Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00  
Mobil: 474 75 580  
justin.vickery@gol.kommune.no

**Kyrkjetenarar:**

**Ludvig Munkejord** Mobil: 911 22 763  
**Knut Ole Klepp** Mobil: 906 58 761

**Sekretær**

**Thorunn Haugo**

Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar**

**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Leiar sokneråd og fellesråd:**

**Kjetil Th. Storebråten** Mobil: 908 21 745

## HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus  
**Eks. tid mån– tor 9.00–15.00**

Tlf: 47 90 38 33  
post.hemsedal@kyrkja.no  
www.hemsedal.kyrkjja.no

**Kyrkjeverje:**  
**Irene Markegård**  
Mobil: 48 20 20 20 • im328@kyrkja.no

**Sokneprest:**  
**Ny sokneprest frå 1/6–25**

**Organist:**  
**Hans Jakob Wastvedt**  
Mobil: 478 77 890 • hw954@kyrkja.no

**Sekretær (dåp og vigsel):**  
**Thorunn Haugo**  
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar  
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

**Trusopplærar:**  
**Britt Marie Haraldset**  
Mobil: 951 22 136  
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

**Ungdomsarbeidar:**  
**Birgit Solbakken**  
Mobil: 992 57 112 • bm454@kyrkja.no

**Kyrkjetenar:**  
**Wilfried Westera**  
Mobil: 971 09 922 • ww364@kyrkja.no

**Gravplassen Hemsedal:**  
**Hans Vidar Sørensen**  
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

**Leiar sokneråd:**  
**Håvard Venås** Mobil: 908 42 422



Han har en plan og vet hva som er best for meg. Det er ikke alltid svar er der med en gang, men det kommer.

*Til neste gang utfordrer jeg Oskar Sunde for å dele sin salme.*

### Deg være ære

Deg være ære Herre over dødens makt  
Ewig skal døden være Kristus underlagt  
Lyset fyller haven se en engel kom  
Åpnet den stengte graven  
Jesu grav er tom

### Deg være ære

Herre over dødens makt  
Ewig skal døden være  
Kristus underlagt

Frykt ikke mere Ewig er han med  
Troens øye ser det Han gir liv og fred  
Kristi navn er ære seier er hans vei  
Ewig skal han regjere aldri frykter jeg

### Deg være ære

Herre over dødens makt  
Ewig skal døden være  
Kristus underlagt

Se Herren lever Salige morgenstund  
Mørkets makter bever  
Trygg er troens grunn  
Jubelropet runger Frelseren er her  
Pris han alle tunger Kristus Herre er

### Deg være ære

Herre over dødens makt  
Ewig skal døden være  
Kristus underlagt

## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 4 nummer i året

**Redaksjon:** Irene Markegård (red.), Ludvig Munkejord, Sølv Larsen Aalrust, Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen

**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret, 3550 Gol

**Utgjevar:** Kyrkjene i Gol, Herad og Hemsedal

**E-post:** im328@kyrkja.no

**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097

**Vipps:** 591790

**Forsidefoto:** Anders Ilsøy



# Lyset gjennom sprekene

*Det finst ein japansk kunsttradisjon som vert kalla kintsugi. Ordet betyr gyllen reparasjon eller samanføyning. Denne kunstforma er basert på ein filosofi om at brot og reparasjon er ein del av historia til ein gjenstand og ikkje noko som for einkvar pris må haldast løynt.*

*Kintsugi handlar ikkje berre om estetikk, om det som appellerer til sansen vår for det vakre. Det dreiar seg om å setje pris på levd liv, å gi rom også for dei erfaringar i livet som rommar smerte og sår. Kulturen vår har ein hang til å dyrke det vakre, det ungdommelege og det fullkomne til ein slik grad at det blir ei svøpe for både unge og eldre. Det er tankevekkjande kor sjølvkritiske mange ungdommar er når dei måler seg mot helteideala til reklamen og filmindustrien. Dei er dømde til å falle gjennom. Resultatet er at ein skremmande høg prosent av unge menneske slit med sjølvbiletet sitt.*

*Bibelens forteljingar om påska gir oss usminka bilete av kretsen rundt Jesus. Dei var engstelege og redde, dei sovna på post og rømde då Meisteren vart arrestert. Ja, Judas sveik han med eit kyss, og Peter banna på at han ikkje kjende Jesus. I desse forteljingane er det ikkje mykje heltemot og sjølvoppofring å finne.*

*Seinare skriv apostelen Paulus til alle truande: Vi har denne skatten i leirkrukker (2 Kor 4,7). Han fortel om veikskap og nederlag, om smerte og forfylging. Ja, han roser seg faktisk av veikskapen sin, for, seier han, det handlar ikkje om meg, men om Jesus. Eg er berre ei sprekt leirkukke, men gjennom sprekene kan lyset kome inn. Det er truleg her Leonard Cohen har henta inspirasjonen til strofa «there's a crack in everything – that's how the light gets in». Det er gjennom sprekene i leirkrukka lyset kan kome inn. For, seier Paulus, Gud har late lyset skina i våre hjarte.*

*Erkjenninga av sprekene og arra etter nederlag og det ufullkomne er bakgrunnen for den klare meldinga om at det ikkje er seg sjølv han forkynner, men Jesus Kristus. Etter oppstoda er det arra som overtyder tvilaren Thomas. Han får kjenne naglemerka i hendene hans, og utbryt til slutt: Min Herre og min Gud!*

*Ved såra sine har Jesus knytt saman himmel og jord, menneske og Gud. Han døydde for å reparere og gjere heilt igjen det som var brote sund og øydelagt. Mørke blir vendt til lys, død til liv, smerte til lækjedom, fortviling til von.*

*Ein kintsugi-bolle som er reparert, ja, gjenskapt, er betre enn han var før han vart knust. Slik kan han gi von til andre knuste krukker.*

*Påska si forteljing er ikkje ferdigfortalt. Du kan også bidra. Di røyst kan også verte høyrt. Ditt liv tel også med.*

– BISKOP JAN OTTO MYRSETH



## Prestapraktikant

I GOL OG HERAD

Denne våren skal Marte Bredesen (35) vera prestapraktikant i Gol og Herad kyrkje. Det vil si at ho blir med som liturg på gudstenestane denne våren. Marte har ein master i teologi og mykje erfaring med forskjellig arbeid i kyrkje, men manglar denne praktiske biten på vegen til presteteneste. Me ynskjer henne varmt velkommen!

## Takk

ARNE ODDMUND TUV!

Redaksjonen ønsker å takke Arne for innsatsen han har lagt ned over mange år, som trofast kasserer for kyrkjebladet. Vi setter stor pris på jobben som er gjort, som nå framover tas over av kyrkjekontoret på Gol.

Redaksjonen

# Takk til soknepresten og velkommen til ny prost!

TEKST: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

12. januar var det avskjeds-gudsteneste for sokneprest Camilla Osnes i Hemsedal kyrkje og 19. januar vart ho innsett som prost i Hallingdal prosti.

Mange var møtt fram for å vera med på Camilla si siste gudsteneste i Hemsedal som sokneprest. Ho gjev seg som sokneprest etter ni år. På dei åra har ho blitt ein folkekjær og respektert prest for bygda. Ho har vore brubyggjar overfor kommune og lokalsamfunn. Uredd og med klare meininger, men og full av empati og medkjensle. Då ho kom som nytudanna prest, rett frå menighetsfakultetet, i 2015 var ho uerfaren, men med stort pågangsmot. Gjennom tida som sokneprest har ho fått mange til å kjenne seg heime i kyrkja, og

gjort dei som går der meir bevisst på kvifor dei hører til den norske kyrkja. Det står det respekt av. Camilla dreg frå ein blomstrande kyrkjelyd der det er stas å gå til gudstenesta. Heldigvis reiser ho ikkje frå bygda. Ho og mannen Marius har ei byggeklar tomt i Hemsedal der dei i løpet av våren vil starte bygging av einebustad. I tillegg til si nye rolle som prost vil Camilla vikariere og ha tenester i Hemsedal sokn.

Etter gudstenesta hadde kyrkjelyden ordna til avskjedsfest, eller mimresamvær, på Kyrkjestugu. Samværet vart leia av soknerådsleiar Håvard Venås. Det var taler og gode ord, samt snitter og kake i god hemsedals-tradisjon. Høgdepunktet var



FOTO DARJAN KOVACIC

då Hemsedalskoret i lag med Notodden visekor kom og song tre songar der Camilla vart med som solist på den eine, med minsteguten Matteus på armen. For om du er prest eller prost så er du fyrst og fremst mamma!

## Velkommen til Krølletreff

Gol kyrkje 19. mai  
kl 16.30-17.30

Hemsedal kyrkje  
21. mai kl 16.30-17.30



FOTO BRITT MARIE HÅRÅLDSET

Velkommen til en ettermiddags-samling i kyrkja for de minste! Kan passe fint for småbarn fra de minste og opp mot skolealder. Noen kjenner Krølle fra babysang, andre kan bli kjent med han nå. Han er et lite lam som liker å gjemme seg, og så er han glad i sang, musikk, dans og leik!

Vi starter samlinga med litt mat til store og små. Det blir pizzaboller.

Etter maten blir det sangstund med Krølle, men vi må kanskje finne han først? Det blir bevegelses-sanger og sangleker, noen kjente og kanskje noen nye? De som har vært på babysang vil kjenne igjen elementer som rytmearakter og såpebobler.

Vi håper å se mange små og store i kyrkja. Faddere, besteforeldre, tanter, onklar osv kan være gode erstatter om det ikke passer for foreldre. Søskan kan være med.

Fint om dere kan melde dere på innen to dager før samlinga dere vil delta på. Britt Marie – 95122136.

Samlinga er gratis. Håper vi ses!

Hilsen Britt Marie og Krølle

Ei veke seinare, 19. januar, var det innsetting av Camilla Osnes som ny prost i Hallingdal. Gudstenesta var i Ål kyrkje der prostesete ligg. Innsetting vart leia av biskop Jan Otto Myrseth. Det var mange som var møtt fram for å ynskje den nye prosten velkommen. Etter gudstenesta var det fest med pølser og kaker på Evjens minne. Det kom helsingar frå heile dalen samt frå biskop Myrseth. Også pappa Ragnar Osnes tok ordet for å gratulera den nye prosten. Prosten, som hadde feber og var sjuk, orka likevel å takke alle som kom og hadde stelt i stand til fest for henne.

Kyrkjebladet ynskjer den nye prosten i Hallingdal velkommen og lykke til med den store oppgåva.

# Cafékveld i Hemsedal

TEKST OG BILDER: IRENE MARKEGÅRD

Hver andre torsdag i måneden de fleste måneder i året, er det cafékveld på Kyrkjestugu i Hemsedal. Dørene åpner kl 19.30 og når vi kommer, møtes vi i døra av de blide cafévertene Gunvor Thorset Abrahamsen og Magnhild Hustad. Det spilles rolig musikk og det er pynt og lys på alle bord. Dette er en uformell møteplass, der alle er velkomne. Her møtes folk i alle aldre til hyggelige samtaler og det er alltid kaffe, te, vafler og velsmakende kaker.

Man kan komme og gå som man vil, men det er anbefalt å være der ca kl. 20.30, da er det hver gang en invitert, lokal, gjest som deler sine tanker rundt tro og levd liv. Denne delen varer 5-20 minutter



Cafévertene Gunvor og Magnhild.

og man sitter alltid tankefull igjen. Historiene som deles gjør at man naturlig deler tanker rundt det man har hørt, etter at gjesten er ferdig. Det er en kveld som fyller sosiale behov, som er et sted man kan slappe av og senke skuldrene, men også der hjertet fylles av den



*Et knippe karer i god prat;  
Aslak Jordheim, Einar Thorset, Magne Falnes  
og Håvard Venås*

varme gjestfriheten til cafévertene og det man hører bli delt. Her er det godt å være og det er plass til flere. Jeg oppfordrer deg til å ta turen neste gang, om du ikke har vært her før. Her er du velkommen til å komme alene eller sammen med noen.

Siste cafekveld for våren er torsdag 17. april.

## Nytt frå Gol og Herad kyrkje

TEKST: KJELLFRED DEKKO

Mykje godt arbeid har vore gjort inn mot jul og framover på nyåret. I samband med gravferder er det meirarbeid med brøyting og tining på vinterhalvåret. Det er tungt arbeid, og det tek tid.



### Mur

Etter nedrasing var det påkrevd å reparere kyrkjegardsmuren. Me måtte ta ned eit strekk på om lag 10 meter før me kunne bygge opp att. Muren er no veldig fin heile vegen rundt. Reparasjonsarbeidet vart utført av Bleiktvedt A/S rett før snøen la seg i desember.

### Vatn

Vatnet inn i Gol kyrkje rann mindre og mindre, og til slutt rann det ikkje det heile. Det var berre eit par veker att til jul, og me tok ein rask avgjerd om å bore etter vatn. Det ville sikre reint og sikkert vatn til kyrkjelyden. Borefirma, maskinentreprenør, rørlegger og elektriker var raskt på plass, og me hadde vatn i kranene til skulegudstenestene den 20. desember! Borefirmaet prøvde å samle opp slammet som best det lot seg gjere. Likevel har det kome litt slam utover kyrkjegarden som me lyt prøve å samle opp til våren.

### Tak

Med solid løyving på tre millionar kroner frå Gol kommune og ytterlegare tre millionar frå kyrkjebevaringsfondet er det godt håp om å få bytta ut skiferen og legge tett undertak på Gol kyrkje. Me tek sikte på at nytt tak er lagt innan hausten 2025. Anbodet ligg ute i desse dagar.

### Sprinklingsanlegg i Herad

På sprinklinga i Herad kyrkje står det eit trykk med nitrogengass. Gassen tok til å lekke fort ut, og me har prøvd å gjøre tiltak for å redusere lekkasjen. Eit rørleggerfirma fann lekkasjar både i kontrollrommet og i nokre røyrledd i tårnet. Det er nokså store bevegelsar i tårnet når klokkene ringer, og det er truleg årsaken til at me lyt skru til og hampe opp att med jamne mellomrom.

# Tuv kvinneforening 100 års jubileum

Den 21. november 2024 feira Tuv kvinneforening 100 år på Tuv Grendastugu. Det møtte opp ca 30 stk til festen, deriblant fleire innbedte gjester: Regionleiar Svein-Tony Gaardsø frå Normisjon Buskerud/Vestfold, områdeleiar Gerd Eli Berge, misjonskonsulent Reidun Weberg Andersen frå Det Norske Misjonselskapet, Gunvor Kreken, Guri Ekse, kyrkjeverje Irene Markegård, presten vår Camilla Osnes og Sørbygda misjonsforening var også innbedt.

Leiar Gerd Hustad ynskte velkommen. Anbjørg Venås fortalte historia om kvinneforeninga, som vart stifta den 2. desember 1924 av Gunvor Tuv. Ho fekk med seg Oline Viljugrein, og mannen sin Knut. Gunvor vart formann, Oline vart nestformann og Knut vart kasserar. Det var starten til "Den lille hjelper" som seinare vart til Normisjon og Misjonselskapet. Det vart mange som blei med i laget. Året etter var det 40 medlemmer og to år etter var det 45 medlemmer. Gunvor var leiar i 24 år, til 1947. Då overtok Aslaug Viljugrein jobben og Birgit Bakke vart kasserar. I 1972 vart Emma Viljugrein leiar og Borgny Bakke kasserar.



Gerd Hustad og Borgny Bakke delte på leiarjobben etter at Emma gjekk bort i 1994. Gerd er framleis leiar.

Svein-Tony heldt ei fin tale. Reidun fortalte om misjonsarbeidet i Hong Kong. Ellen Bekkevoll las prologen som Emma Viljugrein hadde skrive til 50-årsfeiringa til foreninga. Ruth Thorset spelte til songane. Vi fekk servert mykje god mat, kaker og kaffi.

Det var mange gratulasjonar, helsingar og gåver frå Normisjon, Misjonselskapet, Hemsedal Kyrkjelyd og Sørbygda misjonsforening. Einar Thorset sang til slutt ein song som takk frå Sørbygda misjonsforening. Kollekt på 6000 kr gjekk til dei to misjonselskapa.

Det vart ei fin og minnerik feiring av 100-åringen!

TEKST OG FOTO: ASTRID LØVEHAUG

## Takk!

Hemsedal sokneråd ønskjer å retta ein stor takk til alle som bidreg gjennom året med kollekt, gåver og den faste givartenesta. Av det som kjem til givartenesta går minimum 50% til å halda oppe ungdomsarbeidarstillinga og framover vil også givartenesta spela ei viktig rolle når det no skal tilsettast diakonimedarbeidar. Me håpar fleire ser viktigheita av dette arbeidet og ønskjer å vera med på spleiselaget.

### Ønskjer du å gi ei enkeltgåve?

- Vipps til 105608, der du kan velja «open gåve» eller øyremerkja eit prosjekt frå lista.
- Overføring til konto: 2320.17.26824. Merk med "gåve" eller anna ønska tekst.

### Ønskjer du å bli fast givar?

Gå inn på [www.hemsedal.kyrkja.no/bli-gjevar](http://www.hemsedal.kyrkja.no/bli-gjevar) for å lesa meir og registrera deg.

Alle gåver som blir gitt er det mogleg å registrera seg for skattefrådrag på, om ein gir over 500 kr i året. Meld i frå til kyrkjekontoret.

For Hemsedal sokneråd  
Håvard Venås, leier

## Barnearbeid for alle

- en inspirasjonskveld om inkluderende barnearbeid i en kirkelig kontekst

Kyrkjestugu 3. april kl 19.00 med Marte Bredesen

Et teologisk innsteg til temaet inkludering, før Marte deler erfaringer fra spesialpedagogisk arbeid. Det vil være fokus på praktisk tilrettelegging med konkrete eksempler.

Vi synger, spiser og samtaler.  
Velkommen!

## Kyrkja og krigen

TEKST: LUDVIG MUNKEJORD

Tidlegare i vinter var det ein temakveld i Herad kyrkje der me drøfta trua si rolle i krig og konflikt. Det vart ein interessant kveld der biskop Jan Otto Myrset og oberstløytnant Palle Ydstebø frå Forsvaret drøfta problemstillinga ut frå kvar sine vinklingar. Det er mykje historie på godt og vondt som fortel om kva kyrkja og dei truande har å bidra med, og det er mykje kyrkjene på begge sider - særleg aktualisert gjennom krigen i Ukraina – betyr for folket og for landa sine.

Det var ein godt besøkt kveld i Herad og me gjekk klokare heim att. Dette er ein annleis og spennande måte å lage arrangement i kyrkja på. Skulle nokon ha tankar om personar eller tema til liknande kveldar så er det berre å ta kontrakt.



## Språkkafé

Torsdag kl. 17-19  
3. april, 8. mai og 5. juni

På Gol Bibliotek

Vi snakker og lærer norsk sammen over en kopp kaffe eller te.

Dette er et gratis tilbud  
og åpent for alle!

Vel møtt!

Kontaktpersoner:  
Karin Bjørge tlf. 902 87 526  
Sissel Rudningen tlf. 419 35 246

## Har du lyst til å være med i Gol Demenskor med Nokon attåt?



Oppstart 17. mars kl. 11  
på Gol bedehus.

Øving hver mandag t.o.m. 19. mai.  
Sesongen avsluttes med en konsert 24. mai i Gol kyrkje.

Musikalsk leder: Øistein Holtmon

**Spørsmål og påmelding til**  
Martha F. Bleikvedt 476 27 663 /  
martha.froyland@gol.kommune.no

Gol Demenskor med Nokon attåt startet i våren 2023. Komedlem er personer med eller uten demenssykdom og deres pårørende.

## Dugnad på kyrkjegården

**HERAD** Tysdag 22. april fra kl. 12.00. Bevertning ca. kl. 17.00

**GOL** Torsdag 24. april fra kl. 12.00.  
Bevertning fra ca. kl. 17.00

Vi treng di hjelp for å få fin kyrkjegård etter vinteren.

Ta med reiskap. Alle er velkomne!

## Åpent hus

Formiddagstreff på Gol bedehus siste torsdag i måneden **kl. 11.00**.

### 27. mars

Andakt v/Margrete Berg.  
Sang og musikk v/HallingRaid.

### 24. april

Andakt v/Ludvig Munkejord.

### 22. mai

Andakt v/Ingrid Finsådal Bakke.  
«Eit musikalsk møte mellom aust og vest» Foredrag v/  
Kjellfred Dekko

### Velkommen!

Helsing Åpent hus-komite  
Arr.: Diakoniutvalget i Gol og Herad

## Torsdagstreff



Tverrkulturelt treff på Helselagsstugu (Frivilligsentralen)

Følgende torsdagene kl. 18-20:

### 20. mars:

Foredrag om ramadan og fastetradisjon v/Khadijja Abdi Omar.  
Mat: Samosa

### 10. april (NB! Gol bedehus)

Friluftlivets år v/  
Britt Marie Haraldset. Mat: Middag  
sammen fra kl.16:30

### 15. mai

Nasjonal dag og mattradisjoner  
verden rundt. Mat: alle tar med seg  
en matrett fra sitt land

Lørdag 14. juni  
Familietur til Merket.

Servering av mat fra ulike land.  
Eget opplegg for barn

Pris: 20,- voksen / 10,- barn

Adr: Breidokkgutu 10, 3550 Gol

### Velkommen!

Arr.: Gol Røde Kors, Helselaget  
og Diakoniutvalget

## Gudstjeneste for store og små søndag 25. mai i Gol kyrkje



Illustrasjon: Elisabeth Moseng

### Kjenner du noen som fyller 4, 5 eller 6 år i 2025 i Gol eller Herad sokn?

Gol og Herad sokn inviterer disse spesielt til gudstjeneste for store og små søndag 25. mai klokken 11.00 i Gol kyrkje.

I gudstjenesten vil 4-åringene få «Kirkeboka mi», 5-åringene en film med «Kirkerottene» og 6-åringene får boka «Tre i et tre».

Etter gudstjenesten samles vi utenfor kirka til kirkekaffe/lunsj – ta gjerne med grillmat. Det blir litt aktiviteter med poster for barna/familien. Fint om dere setter av litt tid til sosialt samvær.

Alle er selvsagt velkomne til å være med på samværet etter gudstjenesten, om man har barn eller ikke.

## Velkommen til HEL-gudsteneste!



Sundag 23. mars i Gol kyrkje

Sangstund fra Helsetunvegen deltek.

HEL-gudsteneste er ei gudsteneste som brukar enkelt språk, tegn-til-tale og gjentaking for at den skal vere tilgjengeleg for alle uansett funksjonsnivå.

# Fasteaksjonen gjev grønt håp

## MIDT I TØRKEN

Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygde over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi planter, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgrukta okra. Vi er i distriktet Gwembe, sør i Zambia. Rett utanfor den irrgrøne oasen er bakken brun og knuskørr. Dei fleste tre og plantar er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.



– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader).

### GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnerorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelle-driven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol,

så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.

Dei som er med, kan òg selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.

### HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.

– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho.

For inntektene har ho kjøpt to geiter.

– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.

TEKST: ÅSNE GULLIKSTAD

FOTO: HÅVARD BJELLAND



**DET ER HÅP I  
EIN DROPE VATN**

Ureint vatn  
drep fleire enn krig

## FASTEAKSJONEN 29. - 31. mars 2025

Fotoutstilling kan sees på Kyrkjestugu i Hemsedal uke 14 og 15.

Hemsedal 6.-8. april  
Gol 8. april etter kl 16:30

Ta godt imot våre konfirmanter og bøssebærere.



**VIPPS til 2426**

# Velkommen til S-klubben!

**S-klubben er ein kristen barneklubb for barn i alderen 5-13 år. Vi har samling på Kyrkjestugu desse onsdagane våren 2025, kl 17.30-19.00:**

**26. mars**

Vanleg S-klubb for 5 år - 4. klasse. S-klubben ute for 5.-7. trinn.

**9. april** Basar på Kyrkjestugu  
**23. april** Sommaravslutning

*Har du spørsmål, ta kontakt med Signe-Lise Jordheim, tlf 908 64 516*

## Sangstund

En tirsdag i måneden kl 11.00 er du velkommen til en uformell sangstund på Kyrkjestugu med kirkas organist, Hans Jakob. Her synges kjente og kjære sanger og salmer. Tirsdagen etter er vi med og synger på andakten på bygdaheimen.

**Datoer framover: 17/4, 20/5, 17/6.**

Dersom du trenger skyss, ta kontakt med kyrkjekontoret, så ordner vi slik at du hentes og kjøres hjem. Tlf 47 90 38 33 eller e-post post.hemsedal@kyrkja.no

Velkommen!

## Sprell levande leir

**14. – 15. juni 2025**

**For kven:** ALLE som er ferdig med 1. til 7. klasse. Dei som går i 3.klasse og eldre kan overnatte i telt.

**Kvar:** Ved Storeskar på en stølsvoll.

### Aktivitetar laurdag:

Hobbyverkstad ute, gardsbesøk. 61 grader Storeskar med kano, klatring, sykkel.

**Pris:** 200 kr. Syskjen 100 kr

Påmelding til [Sprell.levende.leir@gmail.com](mailto:Sprell.levende.leir@gmail.com) innan 7. juni, med: namn, klasse, 1. og 2. val av aktivitet, om du skal overnatte eller ikkje, tlf.nr/epost til føresette.

Arr: Hemsedal sundagsskule



## Hemsedal Knøttekor

Vi ønsker velkommen til **Knøttekor i Hemsedal kyrkje!**

Øvingar i Hemsedal kyrkje kl. 16.30 - 17.30: **22. april,**

**30. april** og **7. mai.** Invitasjonar/påminning sendes på sms/e-post til dei som har samtykka til det. (Ta kontakt med Britt Marie om de er usikre på det.)

Vi startar øvinga med pølse i brød/lompe. Søsken er velkomne til å vere med og ete middag, og synge om dei vil. Barna må følges av ein kjent voksen.

Aldersgruppe: ca 4-7 år.

**Sundag 11. mai kl. 11 syng vi på gudstenesten.**

Påmelding innan 21. april til Britt Marie Haraldset, tlf 951 22 136.

### 4 åring i hus?

På gudstenesten i Hemsedal kyrkje 11. mai kl. 11 deler vi ut **«Kirkeboka mi» til barn født i 2021.** Velkommen!

## Ope hus Hemsedal

Velkommen til Ope hus på Kyrkjestugu i Hemsedal kl. 11-13.Ope Hus innbyr til hyggjeleg samvær og fellesskap rundt matborda, der me serverer nysteikte vaflar til kaffi/te.

Det er òg kvar gong ein uhøgtideleg kviss/bordkonkurranse, diktlesing og song.

### Programmet vinter/vår 2025:

**01/04** Martha Bleiktvedt og Øistein Holtmoen fortel med ord og tonar om sitt arbeid med demenskoret på Gol.

**06/05** Den kjende diktaren Haldis Reigstad fortel og les av eigne songar og dikt.

**03/06** Vårvoslutning på Hemsedal Flatbrødbakeri på Tuv. Med triveleg kaffeprat og underhaldning.

**Velkommen!**  
Ope Hus komiteen



Møtepunkt er et lavterskel tilbud for folk i alle aldre der du kan bli kjent med folk over middag og høre spennende temaer og musikk. Vi samles første søndag i måneden på Kyrkjestugu.

Middag fra kl. 16 og felles møtestart kl. 17. Ca kl. 17.15 går barn og ungdom til Trøimshallen for aktiviteter eller hobby/spill gruppe i veslesalen. Etter møtet er det enkel servering av kaffe og noe søtt.

### Programmet for våren:

**6. april** Med Olav Fykse Tveit, preses i Den norske kirka.

**4. mai** Dialog om tema: Kven er Jesus for deg?

**1. juni** Vårtur. Info kommer.

Les mer på [hemsedal.kyrkja.no](http://hemsedal.kyrkja.no)

## Går du i 1. klasse på Hemsedal skole?

**Vil du være med å se på lamma?**  
**Onsdag 13. mai kl. 14.30 - 16.00.**

Alle førsteklassinger er velkomne til å være med på gårdsbesøk til Birgit og Joakim i Hemsedalsvegen 2676, onsdag 13. mai kl.1 4.30-16.00

Vi henter på SFO, har samling på Kyrkjestugu og reiser til gården og ser på dyra. Invitasjon/påminnelse kommer på e-post/sms til de som har gitt samtykke til det.

**Påmelding til Britt Marie (951 22 136) innen mandag 11. mai.**

## Stell av graver

På kyrkjegarden i Hemsedal er det mogleg å gjera avtale om stell, slik at dei som jobbar på kyrkjegarden plantar sommar og haust.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du ønskjer ein slik avtale.

# KONFIRMASJONAR

## GOL

### LAURDAG 10. MAI KL. 11.00

Aksel Flaget Andal  
Alva Maja Nicholina Jönsson  
Bendik Flaget  
Ida Nygaard Gulbrandsen  
Ebba Underland  
Malcolm John Daniel Lundh-Alman  
Mathea Taraldsen Bergrud  
Nils Milo Anton Jönsson  
Storm Taraldsen Bergrud  
Torje Moses Jaiteh Markegård  
William Nygaard Gulbrandsen  
Sturla Bang Fjeldheim

### SØNDAG 11. MAI KL. 11.00

Elmer Bleiktvært  
Mathea Lundberg Bråten  
Heine Storeskar Engebretsgård  
Oline Flatland  
Vilje Marie Magnetun Haugo  
Andre Haugstad  
Mathilde Grotmoll Johansen  
Emilie Kinneberg  
Jonas Personbråten Møhlenberg  
Julian Rand-Fagerstrøm  
Johanna Solli  
Live Ekse Svang

Telegramminlevering 9. mai  
i Gol kyrkje fra 17.30 - 19.00

## HERAD

### SØNDAG 4. MAI KL. 12.00

Rosalia Kozlowski  
Sindre Finnevolden Nordreli  
Martin Embre Stigen  
Amalie Svensgård

### SØNDAG 4. MAI KL. 10.00

Aleksander Larsen Hoftun  
Sigrid Larsen Hoftun  
Isak Ola Markussen  
Sindre Sato Stavn

Telegramminlevering 2. mai  
i Herad kyrkje fra 17.30 - 19.00

## HEMSEDAL

### LØRDAG 24. MAI KL. 11.00

Iver Møllerplass  
Nils Milo Anton Jönsson  
William Nygaard Gulbrandsen  
Kristoffer Mythe Eitrheim  
Christian Espelin-Asbjørnsen  
Syver Rivedal Hjelmen  
Jørgen Thorsnes Von Tangen  
Edvin Østlie  
Henriette Østlie  
Sissel Komba  
Othilie Staksrud Haug  
Augusta Oline Ødegaard Müller  
Ebba Underland

### SØNDAG 25. MAI KL. 11.00

Malcom John Daniel Lundh-Alman  
Ariel Larrauri-Sanchez  
Torje Moses Jaiteh Markegård  
Bjørnar Engene Spildrejorde  
Iver Øglund Døhl  
Emil Eskild Hølto  
Patryk Rygg Germanovic  
Eiril Rygg Bekkevold  
Marte Grøndal  
Amanda Myro  
Benedikte Myro  
August Morán Fritzsønn

## LYKKJA

### LØRDAG 24. MAI KL. 13.30

Josefine Marie Karlsen  
Pontus Lohk  
Rasmus Lohk  
Heine Storeskar Engebretsgård

## GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

**GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS**  
Bente Andreassen  
Vakt tlf. 480 234 77 - [www.golbb.no](http://www.golbb.no)

**HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ**  
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen  
Vakt tlf. 97 41 41 00

**JØLSTAD - HALLINGDAL  
GRAVFERDSBYRÅ AS**  
Vakt tlf. 32 08 23 00  
[www.hallingdalgravferd.no](http://www.hallingdalgravferd.no)



\*17. mai Grilling på Tuv.  
Meir info seinare.

15. juni Sundagsmøte  
kl. 19 på Kyrkjestugu.

17. august Sundagsmøte  
kl. 19 på Kyrkjestugu.  
Kaffi med lite attåt.

Velkommen!

## Dugnad på kyrkjegården

**HEMSEDAL** Tysdag 13. mai frå  
kl. 10.00. Enkel servering kl. 12.00

Ta med reiskap. Alle er velkomne!

## Morgenbøn i Hemsedal Kyrkje

Kvar onsdag t.o.m. 16. april kl. 08.30.  
Kyrkja er open frå kl. 08.15.  
Enkel liturgisk bøn og taize song.  
Stillheit før og etter bøna.

Velkommen!

## Sundagsskulen i Hemsedal

**Velkommen til Søndagsskulen i  
Hemsedal våren 2025**

**30. mars** Vanlig søndagsskole  
for 4 år til 4. klasse på Kyrkjestugu.  
Temasøndagsskolen (5.-7. klasse)  
møtes på bedehuset på Ulsåk  
for «Mesternes mester».

**6. april** Felles skileik for  
begge gruppene.

**1. mai** Vårväslutning i  
Bjørneparken på Flå for alle  
Søndagsskolene i Buskerud.

Kontakt Sebjørg Marie Jordheim  
tlf. 996 04 559.

Velkommen!



# GUDSTENESTELISTA

## 23. MARS

3. sundag i fastetida

GOL KYRKJE KL. 11.00  
HEL-Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00

## 30. MARS

4. sundag i fastetida

HERAD KYRKJE KL. 11.00  
Samtalegudsteneste /m konfirmantar

## 13. APRIL

Palmesøndag

KAMBEN HOTELL KL. 11.00  
Utegudsteneste

## 16. APRIL

HERAD KYRKJE KL. 18.30  
Påskekonsert

## 17. APRIL

Skjærtorsdag

LYKKJA KAPELL KL. 10.00

GOL KYRKJE KL. 18.00  
Gudsteneste og måltidsfellesskap

## 18. APRIL

Langfredag

GOL KYRKJE KL. 11.00

HEMSEDAL KYRKJE KL. 18.00

OSET KAPELL KL. 21.30

## 20. APRIL

Påskedag

GOL KYRKJE KL. 10.00

HEMSEDAL KYRKJE KL. 10.00

LYKKJA KAPELL KL. 13.00

OSET KAPELL KL. 13.00

Utegudsteneste

## 27. APRIL

2. sundag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00

Samtalegudsteneste m/ konfirmantar

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00  
Samtalegudsteneste m/ konfirmantar

## 4. MAI

3. sundag i påsketida

HERAD KYRKJE KL. 10.00  
Konfirmasjon

HERAD KYRKJE KL. 12.00  
Konfirmasjon

## 10. MAI

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Konfirmasjon

## 11. MAI

4. sundag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Konfirmasjon

## 17. MAI

GOL STAVKYRKJE KL. 14.00

## 24. MAI

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Konfirmasjon

LYKKJA KAPELL KL. 13.30  
Konfirmasjon

## 25. MAI

6. sundag i påsketida

GOL KYRKJE KL. 11.00  
Utdeling av 4-årsbok

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00  
Konfirmasjon

## 1. JUNI

Sundag før pinse

HERAD KYRKJE KL. 11.00

## 8. JUNI

Pinsedag

HERAD KYRKJE KL. 11.00

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00

## LIVETS GANG

### DØDE

#### GOL KYRKJE

Kari Sørbøl f.1933  
Berit Marie Skjolden f.1942  
Kirsten Hagen Listøen f.1946  
Kjetil Torkildsrud Brotnow f.1973  
Synnøve Jorde f.1936  
Ola Stake f.1926  
Kåre Olav Møllerplass f.1933  
Oddvar Fjøsne f.1946  
Hans Kåre Viko f.1939

#### HERAD KYRKJE

Kjell Hagaeie f.1948  
Eva Kristin Vee f.1953  
Kari Skaret f.1954  
Kari Gunhild Toppen f.1953  
Jostein Rivedal f.1934

#### HEMSEDAL KYRKJE

Karoline Bråthen f.1927  
Anbjørg Pauline Venås f.1935  
Erlend Gray f.1982  
Ragnhild Rundtop f.1921  
Gunnhild Steinmoen Karlsen f.1946  
Kjell Snerte f.1938  
Marta Snerte f.1942

### VIGDE

#### HEMSEDAL

Hilde Braaten Resseth og  
Thomas John Patrick

### DØYPTE

#### GOL KYRKJE

Ranz Eivan Labao

#### HERAD:

Elias Leander Hauge Nyborg  
Even Skaret Oseberg  
Alfie Brennhovd Scriven

#### HEMSEDAL:

Aksel Flaget Andal  
Alva Maja Nicholina Jönsson  
Bendik Flaget  
Ida Nygaard Gulbrandsen  
Ebba Underland  
Malcolm John Daniel Lundh-Alman  
Mathea Taraldsen Bergrud  
Nils Milo Anton Jönsson  
Storm Taraldsen Bergrud  
Torje Moses Jaiteh Markegård  
William Nygaard Gulbrandsen  
Sturla Bang Fjeldheim




# Barnas

Fargelegg!

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



### Vits:


Har du hørt om klovenen som slutta i jobben fordi alle lo av han?

## Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Teikning: Chiara Bertelli



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



### Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!



Søndagsskolen - mer enn du tror